



Kommuneplanen sin

samfunnsdel

Bygland kommune 2025-2036



Innhald

Innleiing.....	3
Saman skapar vi framtida	6
Hovudutfordringar i åra som kjem	9
Bygland sine fortrinn	11
Satsingsområde.....	13
Føresetnader for å lykkast	21
Føringar for arealplanlegginga i kommunen.....	23

FOTO

Anders Martinsen: framside og side 23

Bygland oppvekstsenter: side 7

Geir Daasvatn: side 8, 9 og 10

Sigrid Greibrokk: side 18

Innleiing

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste verktøyet for å peike ut og styre utviklinga i ønska retning. Samfunnsdelen har eit perspektiv på 12 år, og bygger på føringane gitt i planprogrammet som er vedtatt av kommunestyret.

Planprosessen er basert på deltaking i eit pilotprosjekt i regi av KS og Agder fylkeskommune for å få ei betre kopling mot valperioden og politikken kommunestyret har gått til val på.


Målsettingane i planprosessen har vore:

- Bidra til å styrke samfunnsdelen som politisk styringsverktøy med reell kopling til valperioden og økonomi- og handlingsplanen.
- Utvikle tidleg samhandling om samfunnsdelen.
- Utnytte moglegheitsrommet for forenkling av kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen og gjere det meir forståeleg for folkevalde.

Kommunestyret har hatt to arbeidsverkstadar i denne planprosessen. Leiargruppa har vore delaktige i begge to. I første verkstad var tema kommunen sitt utfordringsbilde. I den andre verkstaden jobba kommunestyret med hovudsatsingar og målsettingar basert på utfordringsbildet.

Dei tverrpolitiske diskusjonane har resultert ein samfunnsdel som legg vekt på tre hovudutfordringar i åra som kjem. Desse ligg til grunn for satsingsområda for kommunestyreperioden. Satsingsområda legg føringar for kommunen som samfunnsutviklar og tenesteprodusent. Vidare gir samfunnsdelen føring for prioriteringar i økonomi- og handlingsplanen. Vurdering av om samfunnsutviklinga går i ønska retning blir følgd opp i årsberetning og økonomiplan, og vil bli rapportert med bakgrunn i vedtekne hovudsatsingsområde med målsettingar og prioriteringar.

Parallelt med prioriteringane i samfunnsdelen arbeider kvart kommunalområde med dei daglege utfordringane og behova vi har i byglandssamfunnet. Bygland kommune har ikkje alltid kompetanse og kapasitet nok til å løyse alle oppgåver åleine. Velferdssamfunnet må bli utvikla i samspel mellom innbyggjarar, samfunnsaktørar og kommuneorganisasjonen. For å få til dette må vi arbeide og samarbeide på nye måtar. Med dei utfordringane som samfunnet står overfor parallelt med strammare økonomiske rammer, kjem ein ikkje utanom å tenkje nytt om kommunen si rolle i samfunnsutviklinga. Med bidrag frå personar og organisasjonar med ulik kompetanse kan vi skape betre løysingar, auka deltaking og sterkare fellesskap.






Saman skapar vi framtida

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling er eit overordna tema for heile kommuneplanen. Bygland skal ta sin del av ansvaret og jobbe for gode løysingar lokalt for å bidra til å nå måla globalt. For å lykkast må vi jobbe med både økonomiske, sosiale og klima- og miljømessige forhold. Desse gjennomgåande temaa er sentrale for all utvikling, og påverkar og blir påverka av ulike prioriteringar.

Dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling¹:



Miljø og klima

Denne dimensjonen handlar om å ta vare på naturen og klimaet som ein fornybar ressurs. Menneska sitt livsgrunnlag er heilt avhengig av naturen. Klimaendringane fører til at samfunna vi lev i, må bli endra – både for å forhindre ytterlegare oppvarming og for å tilpasse oss dei endringane som skjer. Ei anna miljøkrise er tap av naturmangfald. FN sitt naturpanel melder at naturmangfaldet, slik som ville dyr og økosystem, aldri før har vore så truga som det er i dag.

Økonomi

Denne dimensjonen handlar om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Fattigdom og ulikskap er kjelde til uro og splitting i befolkninga og kan gi grobotn til konflikt og politisk opprør. Jamnare fordeling av ressursar og god og trygg tilgang på offentlege tenester, som helse og utdanning, er viktige føresetnader for eit fredeleg og rettferdig samfunn. Den økonomiske dimensjonen handlar også om at vi må endre måten vi brukar ressursane våre på for å få ei berekraftig utvikling.

Sosiale forhold

Denne dimensjonen handlar om å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Sosiale forhold seier noko om korleis menneske har det i eit samfunn, om dei får oppfylt rettighetene sine, og om dei har moglegheit til å påverke eigne liv og samfunnet.

¹ Kjelde: www.fn.no og www.ndla.no



Eit ønska framtidsbilde

I åra framover skal vi bygge Bygland med målretta arbeid for å tilby eit attraktivt lokalsamfunn for alle som bur her, ønskjer å bu her, kjem på besøk eller vil drive næringsverksemd. Vi skal også vere ein attraktiv kommune å vere tilsett i. Bygland kommune skal framstå som eit moderne, framtidsretta og berekraftig samfunn, med engasjerte innbyggjarar og tilsette med utdanning som står i forhold til det reelle behovet for fagleg kunnskap som vi har i kommunen.

Gjennom god samfunnsplanlegging skal vi endre ein negativ trend og legge til rette for at unge og unge familiar finn Bygland spennande og attraktiv som bu- og arbeidsstad. Velferd, sosiale relasjonar, sjølvrealisering, helse og miljø, inkludering og eit aktivt liv er stikkord for livskvalitet og god folkehelse for alle aldersgrupper.

Ein unik natur med alt frå vatn, strand og svaberg til skog og høg fjell gir rom for friluftsliv og hausting av naturen. Desse kvalitetane er viktige for næringsliv og bulyst, og tas i vare gjennom god forvaltning og naturvenleg tilrettelegging.

Gjennom arbeid får vi brukt ressursane våre, vi inngår i eit sosialt fellesskap og vi er i stand til å forsørge oss sjølve og oppretthalde byglandssamfunnet. Bygland kommune skal legge til rette for nye arbeidsplassar i samarbeid med næringslivet, blant anna ved å utnytte stadeigne naturressursar.

Vi vil med hjelp av Bygg Bygland utvikle veksande næringar som reiseliv og naturbasert næring, og legge til rette for gründerar. Vi skal fremje samhandling over kommunegrenser for å styrke regiontankegangen, og stå sterkare som arbeidsmarknad og næringsutviklingsarena.

Gjennom å utvikle byglandssamfunnet i moderne og digital retning, skal vi hente inn naudsynte ressursar og fagkompetanse til å dekke det kommunale rekrutteringsbehovet.

Gjennom kontinuerleg fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga, sikrar vi samfunnet og innbyggjarane med omsyn til utfordringar knytt til klima, kritisk infrastruktur, kommunikasjon, terror, ulykker og pandemiar i samarbeid med lokale, regionale og statlege organ.

Ei berekraftig arealutnytting gjer til at vi kan arbeide for vekst i næringsutvikling og bruk av areal. I planlegging og utvikling skal vi vurdere berekraftige byggemåtar og energiløysingar. Vi satsar på sentruma våre, og støttar opp om initiativ i bygdelaga.

Bygland kommune forvaltar inntektene sine på ein slik måte at økonomien er berekraftig, dvs. at ressursbruken ikkje trugar velferda til innbyggjarane i framtida.

Hovudutfordringar i åra som kjem

For å sette oss dei rette måla og prioriteringane for framtida, er det viktig å vite kva for utfordringar som treng ekstra merksemd og innsats i dag. I dokumentet Kommuneplanprogram 2024-2028, som inneheld planprogram for samfunnsdelen og planstrategi, har vi skildra dei viktigaste utviklingstrekk i kommunen. I tillegg har vi mykje fakta og statistikk om kommunen vår som vi har samla i kunnskapsgrunnlaget 2024.

Sentrale dokument for arbeidet med kommunen sine hovudutfordringar:

- [Kunnskapsgrunnlag 2024](#)
 - Inkludert folkehelseoversikt
- [Bygland kommune sitt samla utfordringsbilde](#)
 - Basert på kunnskapsgrunnlaget og kommunalområda sine vurderingar
- [Kommuneplanprogram 2024-2028](#)
 - Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2024-2036 med planstrategi for Bygland kommune 2024-2028

Under trekker vi fram dei største utfordringane vi har i kommunen i åra som kjem.



Kommunen sitt framtidige økonomiske handlingsrom er usikkert

Kommunen får stadig fleire oppgåver, og krava til tenestene blir større. Demografiutviklinga i kommunen viser at vi får færre barn og arbeidsaktive samtidig som vi blir fleire eldre. Tilgangen på kvalifisert helsepersonell er avgrensa og konkurransen mellom kommunane blir større. Bygland er ein liten kommune, men skal yte tenester og kvalitet på same nivå som større kommunar.

Framover vil kommunen oppleve auka kostnadsvekst innan helse og omsorgstenesta, og det saman med mangel på arbeidskraft aukar behovet for innovasjon og effektive tenester. I tillegg er kommunen sin økonomi sårbar med det kostnadsnivået vi har nå.

Den sosiale ulikskapen aukar

Auka utanforskap og større sosial ulikskap fører til auka press på tenestene. Utanforskap frå arbeidslivet bidrar sterkt til sosial ulikskap gjennom manglande inntekt, auka risiko for uhelse og lågare levealder.

Barne- og elevtalet går ned. Trivsel i norsk skule er høg, men undersøkingar syner ei utvikling i retning av at ungdom opplev skulen på ein dårlegare måte enn før. Fleire barn slit med psykisk uhelse og samansett problematikk.

Det er behov for oppdatert og stabil kompetanse innanfor oppvekst, førebygging og psykisk helse. I tillegg treng vi betre system og kompetanse for å fange opp utfordringar tidleg.

Forvitra næringsliv og kompetansemangel

Forvitring i næringslivet over lengre tid har ført til nedgang i folketalet og lågare attraktivitet for tilflyttarar, samtidig som kommunen og verksemdar opplever mangel på arbeidskraft.

Utfordringar med fallande innbyggartal og ei demografisk utvikling der vi får mange fleire eldre i høve til born og unge vaksne, gjer tilgangen på arbeidskraft krevjande.

Vi treng tilflyttarar med lyst og vilje til å bidra med å bygge eit godt samfunn.

Det har vore lite bygging av nye bustadar, og ein markant del av bustadane er utan fast busetting. Det gjer til at bustadane blir eldre og mindre attraktive. Dette reduserer tilgangen på attraktive bustadar, og svekker marknaden og bulyst.


Vekst i arbeidsplassar og folketal vil føre til at vi treng fleire bustadar.

Bygland sine fortrinn

- ★ Verdas beste kommune for naturglade menneske! Bygland gir deg fantastiske natur- og friluftsopplevingar frå fjord til fjell.
- ★ Vi har verdifulle landskap og naturtypar som kan bli vidareutvikla som næring, og vi er rike på naturressursar som kan bli foredla og utnytta lokalt.
- ★ Ein stolt bygningsarv, spennande kulturminne og eit ope og velstelt kulturlandskap.
- ★ Kommuneøkonomi som gir handlingsrom for modernisering og investering.
- ★ Ein engasjert og aktiv frivillig sektor.
- ★ Geografisk plassering midt i Agder – langs rv9 og nærme sørlandskysten med flyplass, jernbane og ferje til Europa.
- ★ I startgropa med omstillingsprosjektet «Bygg Bygland» som syner vilje og gir kraft til å skape endring og ny driv.



Skuleborn sin favorittstad i Bygland – eit lite utval



Satsingsområde

Vi har valt å prioritere 3 satsingsområde som skal bidra til at vi er betre rusta til å møte hovudutfordringane. Desse dekker kommunen sine roller som tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Satsingsområda heng saman og påverkar kvarandre. Næringsutvikling fører til fleire arbeidsplassar, fleire arbeidsplassar fører til befolkningsvekst dersom vi har nok attraktive bustadar og eit kultur-, fritids- og organisasjonsliv som skapar bulyst, saman med eit godt kommunalt tenestetilbod.

Å ta viktige val

Under kvart satsingsområde har vi valt oss nokre mål. Under kvart mål har vi skildra kva vi ønskjer å prioritere. Det betyr ikkje at vi skal slutte å gjere alt som ikkje er nemnt i planen. Vi skal fortsette arbeidet kommunen gjer på ulike samfunnsområde. Men for at vi skal lykkast i å nå måla våre og kome nærmare det ønska framtidsbildet, kan vi ikkje ha like stor innsats på alt. Vi må velje det som er viktigast og som gir mest. Å velje betyr også å velje bort. Det er vanskeleg, men vi veit at det er heilt nødvendig å ta desse vala nå. Visst vi ikkje tør å gjere det, så skyv vi ansvaret og problema over på dei som blir valt til å styre etter oss.



Satsingsområde 1

Eit attraktivt og robust samfunn

Det skal vere godt å leve og bu i Bygland kommune. Det inneber å ha trygge og gode oppvekstvilkår, ha moglegheit til å skaffe seg ein eigna bustad og ha moglegheit til å arbeide i eller frå Bygland. Det er store avstandar i kommunen, og det gjer mobilitet viktig for å kunne nytte møteplassar og delta på aktivitetar. Det er også viktig for å kunne oppsøke offentlege tenester og private servicenæringar. Tilrettelegging for eit aldersvenleg samfunn er til det beste for alle aldersgrupper.

Førebygging av utanforskap er noko av det viktigaste vi kan arbeide med for å sikre sosial berekraft. Å vere inkludert handlar om å ta avgjerd i eiga liv, ha god livskvalitet og høyre til i eit fellesskap.

Tidleg innsats handlar om å gi hjelp så tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv. Det kan sjåast på som ei investering som sparar kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Ein god oppvekst er berekraftig og varer i generasjonar.



I Bygland har alle ein trygg og god bustad

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å legge til rette for bustadar som passar dei ulike aldersgruppene og behova folk har enten for å eige eller leige.
- B. Å legge til rette for busetting i heile kommunen, men satse på offentleg infrastruktur i sentruma og private løysingar i grendene.
- C. Å ha bustadar og leilegheiter tilgjengeleg i sentruma.
- D. Å bistå vanskelegstilte med å skaffe og behalde passande bustadar, samt rettleie og styrke kvar einskild sine moglegheiter for å meistre buforholdet sitt.
- E. Å legge til rette for attraktive bustadtomter.
- F. Å handheve buplikt strengt.

Barn og unge har det bra heime, i barnehagen, på skulen og i fritida

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å skape trygge og gode oppvekstvilkår. Fokus på tidleg innsats, barnehagen, skulen, foreldre og nærmiljøet, kan bidra til å redusere risikofaktorar som potensielt kan føre til problem seinare i livet.
- B. Å tilpasse hjelpa til barn og familiar sine behov, med fokus på lokale forhold og ressursar.
- C. Å prioritere systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling og tidleg innsats for barn og unge.
- D. Å utvikle fritidstilbod for barn og unge i samarbeid med frivilligheita.

I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å utvikle lågterskel møteplassar mellom anna gjennom samlokalisering og sambruk av bygg.
- B. Å jobbe for eit betre kollektivtilbod, betre vegar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar.
- C. Å oppgradere nærmiljøanlegg, legge til rette for friluftsliv og uteleik for alle på tvers av alder og funksjonsnivå, og framheve visuelle kvalitetar.
- D. Å sikre eit breitt kulturliv der alle gis anledning til å skape, delta og oppleve.
- E. Å legge til rette for aktiv aldring med sosiale møteplassar, hjelp til kvardagsmestring og moglegheit for fysisk aktivitet.
- F. Å vere eit ope og inkluderande samfunn gjennom å førebygge utanforskap, og legge til rette for at alle kan delta i fellesskapet.

Satsingsområde 2

Eit meir variert næringsliv

Tilrettelegging for lokalt næringsliv er viktig for å stimulere til økonomisk vekst, skape fleire arbeidsplassar og ta vare på lokal identitet og kultur. Det gir grunnlag for fast busetting og levedyktige bygder, og aukar den frivillige kapasiteten. Det fremjar innovasjon og bidrar til ei meir balansert regional utvikling.

Det grønne skiftet må bli brukt som eit fortrinn for å skape næring i Bygland. Vi har tilgang på råvarer, areal og kraft. Berekraftig bruk av naturressursane kan gi auka verdiskaping, og det er potensiale for auka matproduksjon og sjølvforsyning i kommunen.

Fleire står friare til å velje bustad uavhengig av arbeidsstad. Dette krev at vi ser stad- og næringsutvikling i samanheng. Det startar med attraktive tettstader.

Trendane i reiselivet legg til rette for vekst i denne næringa i Bygland. Vi kan utvikle naturopplevingar og kulturformidling av høg kvalitet. Samarbeid mellom Setesdalskommunane er viktig i ei satsing på turisme.



Talet på arbeidsplassar har auka med minimum 60 innan 2030

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Strategisk arbeid med korleis kommunen mest målretta kan nytte sin innsats for å styrke næringslivet og legge til rette for nyetableringar.
- B. Å vere pådrivar og fasilitator for å utnytte dei naturgitte ressursane i kommunen.
- C. Å vere pådrivar og fasilitator for vidareutvikling og organisering av landbruket med nisjeproduksjon tilpassa klimaendringar, ny teknologi, nydyrking og bruk av areal som har gått ut av produksjon.
- D. Å prioritere kommunale ressursar til tilrettelegging og investering i kommunal infrastruktur og anlegg.
- E. Å legge til rette område for næring.
- F. Å jobbe målretta for å tiltrekke oss menneske utanfrå som lett kan etablere eiga arbeid i Bygland.
- G. Å jobbe målretta for å bli ein næringsvenleg kommune.

Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Bygland kommune har eit godt tenestetilbod. Ein opplev likevel at innbyggjarar og besøkande sin forventningar i aukande grad er høgare enn det kommunen har kapasitet til å innfri. Behovet for helse- og omsorgstenester kan auke og utfordre kommunen sitt samla tenestetilbod.

Demografisk utvikling og utfordringar med å rekruttere kompetanse til små fagmiljø og distrikt krev nye grep for å sikre bemanning og kvalitet i tenestene. Tenestene kommunen er pålagt å levere blir stadig meir komplekse og krev høg kompetanse innanfor ulike fagområde. For å oppretthalde og vidareutvikle kvalitet i tenestene er det naudsynt å prioritere innanfor økonomiske rammer og tilgjengelege personellressursar.

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs, og det er heilt avgjerande at vi klarer å behalde og rekruttere dyktige tilsette. Små fagmiljø gjer kommunen sårbar. Attraktive fagmiljø for personar med høgare utdanning kan bidra til at ein klarer å rekruttere og behalde dei. For å nå dette målet er det nødvendig å tenkje heilskaplege og stabile samarbeid med andre kommunar.

Vassforsyninga er ei samfunnskritisk teneste og ei lovpålagt oppgåve. Vi er pålagt å levere tilstrekkeleg og godt drikkevatt til ei kvar tid, og hindre forureining. Med nok og førebyggjande drift og vedlikehald kan heile systemet vare lengre, og vi reduserer risikoen for store lekkasjar.



Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å rekruttere tilsette som passar våre behov, og utvikle og styrke kompetansen til dei tilsette for å sikre at kommunen har ein stabil og kompetent arbeidsstyrke som kan møte krava og forventingane som blir stilt oss.
- B. Å utvikle stabile fagmiljø på dei små fagområda. Dette sikrar kontinuitet og tar ned risiko for bortfall av tenester.
- C. Eit inkluderande arbeidsliv med fokus på auka deltaking og mangfald, i samarbeid med verkemiddelapparatet.

Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å bygge ein organisasjonskultur med vekt på tydeleg leiarskap og ansvarleg medarbeidarskap.
- B. Ei administrativ organisering som sikrar strategisk utviklingskapasitet og tverrfagleg samarbeid, kvalitet og effektivitet i drift og tenesteutvikling.
- C. Å oppretthalde kvaliteten i primæroppgåver og lovpålagte tenester. Dette inneber at omfang og nivå på tenester innanfor kvar sektor, må bli vurdert for å avklare framtidig differensiering av tilbod.
- D. Å utvikle samanhengande interkommunale samarbeid der det er formålstenleg.

Bygland kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

DERFOR PRIORITERER VI:

- A. Å sikre trygt og nok drikkevatt til innbyggjarane.
- B. Å forbetre og utvide VA-leidningsnett for å redusere driftsutgiftene og legge til rette for framtidsretta utvikling.
- C. Stadutvikling basert på kvalitet, nærleik og tilgjengelegheit.



Føresetnader for å lykkast

Ein berekraftig økonomi

Langsiktig økonomisk planlegging gir forutsigbarheit og er sentralt for å drive samfunnsutvikling. Norsk økonomi, inkludert kommunesektoren vil stå i ein skvis mellom redusert inntektsvekst, lågare finansieringsbidrag frå oljefondet og høgare vekst i behova. Dette dreier seg om fleire eldre, færre yngre, klimakrise, naturkrise og nå i det siste auka vekt på sikkerheit, sjølvberging og forsvar.

Samtidig som kommunesektoren må handtere ekstraordinære akutte utfordringar som auka tilstrøyming av flyktningar, høg inflasjon og auka renter, står ein overfor meir langsiktige utfordringar. Behova innanfor helse og omsorgstenesta vil auke markant, samtidig som delen innbyggjarar i yrkesaktiv alder går ned. Med det kostnadsnivået kommunen har no, er kommunen veldig sårbar for reduksjon i straumprisen, for då vil kraftinntektene bli redusert. Desse inntektene svingar til dels mykje når straumprisen er variabel, og når dei er på sitt lågaste er ikkje kommunen sin økonomi berekraftig. For å lykkast med ein langsiktig berekraftig økonomi, må ein snu alle steinar for å sjå på moglegheiter for både å redusere utgifter og auke inntekter.

Bygland kommune skal i tillegg til å ha god økonomistyring, ta i vare ei berekraftig forvaltning av fellesskapet sine verdiar. Mellom anna gjennom å ha planar for forvaltning av kommunen sin eigedom, bygg og anlegg.

Ein framtidsretta organisasjon

Auka kompleksitet, nye utfordringar og høgare tempo krev nye måtar å tenkje og leie på. For å møte dei samfunnsendringane som ligg framfor oss, må vi finne nye måtar å løyse arbeidsoppgåver på. Vi må sikre at ressursane blir omdisponert dit behova aukar. Vi skal realisere potensialet i digitalisering og teknologi ved å ta i bruk nye smarte løysingar som skal bidra til ein enklare kvardag for innbyggjarar og næringsliv. Dette krev endringsvilje både blant medarbeidarar, men også i lokalsamfunnet. Samtidig må vi sikre kunnskap, meistring og tryggleik i møte med digitale verktøy.

Tilgjengelege ressursar må bli disponert på nye og betre måtar, der oppgåveløysing, forenkling av arbeidsprosessar og gevinstrealisering er i fokus. Vi må arbeide kunnskapsbasert med planar, tiltak og endringar gjennom årleg rullering av budsjett og økonomiplan, for at vi også framover skal kunne levere tenester i tråd med kommunen sitt samfunnsoppdrag. Framtidsutsiktene tydeleggjer viktigheita av interkommunalt samarbeid og sterke fagmiljø. Bygland kommune ser potensiale for fleire samarbeid med omkringliggende kommunar. Kalde hender som merkantile og administrative stillingar og sakshandsaming, har geografisk fleksibilitet, medan varme hender som tenesteyting, omsorg og tryggleik for innbyggjarane, må lokalisrast nær folk.

Å skape saman med fokus på utviklingsevne

Bygland kommune skal finne dei gode løysingane saman med næringslivet og frivilligheita. Tett samarbeid med akademia og regionale aktørar vil også vere viktig for å lykkast. Vi må jobbe saman for å fremje aktive innbyggjarar som tar ansvar for seg sjølve og for fellesskapet. Dette gjer vi for å sikre ressursar til dei som har behov for det.

I Bygland kommune har vi ein levekårskoordinator som skal koordinere felles innsats for auka livskvalitet og gode oppvekstvilkår i kommunen. I tillegg har vi ein moglegheitsutviklar som skal halde i trådane i arbeidet med nærings- og bustadutvikling innfor rammene av å vere omstillingskommune.



Føringar for arealplanlegginga i kommunen

Arealstrategiane under synleggjer korleis mål og prioriteringar i samfunnsdelen skal bli følgt opp i arealplanlegging, og gir bestillingar til neste revisjon av kommuneplanen sin arealdel der avklaring av arealbruken skal skje.

1. Det skal bli lagt til rette for leilegheiter og mindre bueiningar.
2. Kommunen vil fokusere på nye bustadkonsept og lys i dagens bustadar og gardsbruk.
3. Mogleggjere utvikling av mineral- og naturressursane.
4. LNF-områda; ta i vare jordbruksnæringa sitt produksjonsgrunnlag, men vise smidigheit i eigna område og i sentrum.
5. Framtidig hyttebygging skal i hovudsak skje som utviding eller fortetting i eksisterande fritidsbustadområde i heieområda eller langs Byglandsfjorden.
6. Etablering av enkeltståande lågstandard hytter bygd med minst mogleg klimaavtrykk og naturinngrep, kan bli vurdert i LNF-område som ligg mindre enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep (inngrepsnær natur), og som ikkje utløyser behov for ny infrastruktur.
7. Spreidd busetting og fritidsbustadar skal ha privat vassforsyning og avløpsløyser. Drikkevatnet skal bli verna mot forureining og ha nødvendige behandlingar for å sikre kvaliteten. Det skal bli etablert fellesløyser der det er formålstenleg.
8. Det skal leggst til grunn at nye byggeområde ikkje skal leggst på myr eller på dyrka mark.
9. Kommunen vil legge til rette for vidareutvikling av sentrum Byglandsfjord og Bygland med skule, offentlege tenester, bustadar, handel og møteplassar med fokus på mjuke trafikantar.
10. Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, legge til rette for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/-fasar.
11. Etablere og utvikle uformelle møteplassar og lågterskeltilbod som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for born og unge.
12. Sette fokus på å bevare og utvikle kommunen sin historie, kultur- og bygningsarv, og utvikle dette vidare gjennom god identitetsskapande stadtilpassing til omliggande bygningar.
13. Ein variert landbruksstruktur med små og større bruk. Den kommunale forvaltninga skal legge til rette for aktiv bruk av utmarksbeita.
14. Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokalisrast til eksisterande tettstadar og bygder, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
15. Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremvêr, samt auka klimapåverknad på bygg og infrastruktur.



Bygland kommune

Sentrum 18

4745 Bygland

37 93 47 00

www.bygland.kommune.no

